


Kompetanseutvikling i bibliotek Spørjeundersøking i Hordaland 2010 -Folkebiblioteka-

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD)
AUD-rapport nr 3 2010

Bakgrunn: Type stilling


Det er stor variasjon når det gjeld kva type stilling dei tilsette i folkebiblioteka, som har delteke i denne undersøkinga, har. Den største gruppa er likevel "Leiar med personalansvar" med 30 %.

26 % er bibliotekarar, og 18 % er kontorfagleg tilsette.




Bakgrunn: Stillingsprosent

Den største delen, 64 %, har full stilling, mens til saman 37 % har ei eller anna form for deltidsstilling.




Bakgrunn: Tilsettingsforhold

Det er berre 5 % av respondentane som ikkje er tilsett i fast stilling.



Bakgrunn: Alder


Den største delen av dei tilsette i folkebiblioteka, 42 %, er mellom 51- 60 år. 25 % er mellom 41 og 50 år. Berre 2% er under 30 år.



Bakgrunn: Andelen bibliotekarutdanna

55 % av respondentane er utdanna bibliotekar, mens 14 % er delvis bibliotekarutdanna.

31 % har ikkje bibliotekarutdanning.




Bakgrunn: Fagområde - høgare utdanning

Totalt 61 % av dei tilsette i folkebiblioteka har anna høgare utdanning enn bibliotekarutdanning.

Det er innan humanistiske og estetiske fag at flest har anna høgare utdanning (58 %).


Det er 26 % som har lærarutdanning/utdanning innan pedagogikk og samfunnsfag/juridiske fag/psykologi.



Bakgrunn: Utdanningsnivå på anna høgare utdanning

Dei fleste som har tilleggsutdanning har denne på bachelor/cand.mag nivå (41 %).


Det er 9 % som har høgare utdanning på master/hovudfagsnivå.



Kompetansevurdering: Generell

Når det gjeld generell bibliotekskompetanse er det flest som oppgjev at dei har god kompetanse i service og kundebehandling (97 %), tett etterfølgt av informasjonssøk /gjenfinning (92 %) og litteraturkunnskap (83 %).

På botnen av lista finn vi prosjektarbeid/prosjektleiing (39 %), universell utforming (39 %) og opphavsrett (30 %).




Figuren viser delen som oppgjev svært eller ganske god kompetanse på feltet

Generell – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Det er flest som ønskjer seg kompetanseheving innan Litteraturkunnskap (58 %) og informasjonssøk og gjenfinning (52 %).


På botnen av lista ligg skulebibliotekararbeid (14 %) og rettleiing (13 %).



Kompetansevurdering: Leiing/leiingsutvikling (for leiarar)

Delen av leiarane som oppgjev at dei har god eller svært god kompetanse innan leiing/leiingsutvikling, varierar frå 85 % til 43 %

Det er flest leiarar som har god kompetanse i økonomistyring/prioritering (85 %), og færrest som seier at dei har god kompetanse knytt til synleggjering av biblioteket i samfunnet/samfunnsdebatten (43 %).




Leing/leingsutvikling – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

På dette feltet er det ein klar samanheng mellom det området ein vurderer kompetansen til å vere låg, og kva ein ønskjer seg kompetanseheving innan.

56 % av leiarane seier at dei ønskjer seg kompetanseheving innan synleggjering av biblioteket samfunnet/samfunnsdebatten.


Økonomistyring/prioritering (der kompetansen er høg) er det området der færrest leiarar (26 %) seier at dei ønskjer kompetanseheving.



Kompetansevurdering: Marknadsføring/kommunikasjon (alle)

På dette punktet er det størst del som seier at dei har god kompetanse når det gjeld kjennskap til brukargruppene sine behov og motivasjon, til saman 80 %.


Det er 48 % som har god kompetanse i aktiv marknadsføring av biblioteket sine tenester, og 32 % som har god kompetanse innan å kunne setje biblioteket på agendaen i media.



Marknadsføring/kommunikasjon – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Når det gjeld marknadsføring/kommunikasjon, er det slik at det området kompetansen er lågast, (å kunne setje biblioteket på agendaen i media), også det området som minst del ønskjer seg kompetanseheving på (42 %).

Det som flest kunne tenke seg auka kompetanse innan, er aktiv kommunisering og marknadsføring av biblioteket sine tenester (64 %)




Kompetansevurdering: Formidling

7 av 10 seier at dei har god kompetanse på formidling av kunnskap og informasjon.

Om lag like mange, 67 %, oppgjev at dei har svært eller ganske god kompetanse på kultur- og litteraturformidling.


Innan dette feltet er det minst del, til saman 35 % som seier at dei har god kompetanse innan formidlingsmetodar og metodikk.



Formidling : – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Når det gjeld formidling er det ein klar samanheng mellom det området ein vurderer kompetansen til å vere låg, og kva ein ønskjer seg kompetanseheving innan.

62 % seier at dei ønskjer seg kompetanseheving innan formidlingsmetodar og metodikk.




Kompetansevurdering: Digital kompetanse

Delen som oppgjev at dei har god eller svært god kompetanse på desse felta, varierer frå til saman 4 % til 80%

8 av 10 meiner at dei har god grunnleggjande digital kompetanse.


På botnen av lista ligg programmering. Det er ingen som oppgjev at dei har svært god kompetanse på dette feltet, mens 4 % har ganske god kompetanse.



Digital kompetanse – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Det største behovet for kompetanseheving på dette feltet finn vi når det gjelder å strukturere og formidle informasjon på nett. 49 % ønskjer kompetanseheving på dette området.


På botnen av lista ligg dei to kompetanseområde som dei tilsette i folkebiblioteka oppga at dei hadde høgast (grunnleggjande digital kompetanse) og lågast (programmering) kompetanse innan.



Kompetansevurdering: Biblioteket som læringsarena

Til saman 68 % seier at dei har god informasjonskompetanse.


44 % oppgjev at dei har god kompetanse når det gjeld kunnskap om brukarkommunikasjon og rettleiingsmetodar, og 35 % har god kunnskap om pedagogikk og læringsmetodikk.



Biblioteket som læringsarena – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Det er flest tilsette i folkebiblioteka som ønskjer seg meir kunnskap om brukarkommunikasjon og rettleiingsmetodar (67 %).


54 % ønskjer seg høgare informasjonskompetanse og 43 % meir kunnskap om pedagogikk og læringsmetodikk.



Kompetansevurdering: Kulturelt mangfald

På dette feltet er den eigen-
vurderte kompetansen størst
innan det å møte
minoritetsspråklege brukarar
på ein profesjonell måte (til
saman 71 %).

Kompetansen er lågast i høve
til tilrettelegging av tenester
for minoritetsspråklege (til
saman 22 %).




Kulturelt mangfold– På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Innan kulturelt mangfold er det flest som ønskjer meir kompetanse på feltet 'biblioteket sin rolle for inkludering og integrering' (44 %).

Det er færrest (31 %) som ønskjer meir kompetanse når det gjeld å møte minoritetsspråklege brukarar på ein profesjonell måte.


Variasjonen i ønske om kompetanseheving er imidlertid relativt låg mellom dei ulike områda.



Kor ofte deltek ein på kurs/konferansar i dag?

Den største delen, 33 %, oppgjev at dei deltek på kurs/konferansar noen gonger i året. 26 % deltek på kurs/konferansar omlag ein gong i året.


Om lag kor ofte deltek du på kurs/konferansar?



Kva form bør kompetansehevinga ha?

Det er flest bibliotekstilsette som føretrekk kurs med kort varighet (79 %)


Om lag halvparten føretrekk også etter- og vidareutdanning (49 %) og nettbaserte studiar (48 %).



Hindringar for deltaking i kompetansehevingstiltak

Behovet for økonomisk støtte vert sett på som den største hindringa for kompetansehevingstiltak (46 %).

Men også reiseavstand (35 %), behov for studiepermisjon (33 %) og vanskar med å få vikar (33 %) vert trekt frem av fleire



Spisskompetanse og andre kommentarar

- Om lag halvparten, 51 %, av dei tilsette i folkebiblioteka seier at dei har tileigna seg spisskompetanse på eit eller fleire felt gjennom utdanning eller arbeid. Innhaldet i denne kompetansen er svært variert.
- Respondentane vart til slutt i undersøkinga spurde om dei hadde andre kommentarar til temaet. Her vert ulike forhold trekt fram, men den viktigaste budskapen er at ein treng tid/ressursar, både til å utvikle biblioteket og til kompetanseheving.

Oppsummering

Undersøkinga viser at kompetansen til dei bibliotekstilsette varierer både mellom dei ulike kompetanseområda, og innan kvart område. Tabellen under oppsummerer delen som oppgjev god kompetanse; topp og bunn for dei ulike kompetanseområda i udersøkinga.

Område:	Høgast kompetanse	Lågast kompetanse
Generell bibliotekskompetanse	Service og kundebehandling (97 %)	Opphavsrett (30 %)
Leiing/leiingsutvikling	Økonomistyring/prioritering (85 %)	Synleggjering av biblioteket i samfunnet /samfunnsdebatten (43 %)
Marknadsføring/kommunikasjon	Kjennskap til brukargrubbene sine behov og motivasjon (80 %)	Setje biblioteket på agendaen i media (32 %)
Formidling	Formidling av kunnskap og informasjon (70 %)	Formidlingsmetodar og metodikk (35 %)
Digital kompetanse	Grunnleggjande digital kompetanse (80 %)	Programmering (4 %)
Biblioteket som læringsarena	Informasjonskompetanse (68 %)	Kunnskap om pedagogikk og læringsmetodikk (35 %)
Kulturelt mangfald	Møte minoritetsspråklege brukarar på ein profesjonell måte (71 %)	Tilrettelegging av tenester for minoritetsspråklege (22 %)

Oppsummering

Samanhengen mellom den kompetansen ein har i dag, og på kva område ein ønskjer kompetanseheving kan gå i ulike retningar:

Låg kompetanse - ikkje ønskje om kompetanseheving

Døme:

Kunne setje biblioteket på agendaen i media (under marknadsføring og kommunikasjon)

Programmering (under digital kompetanse)

Høg kompetanse - men framleis ønskje om kompetanseheving

Døme:

Informasjonssøk og gjenfinning (under generell bibliotekskompetanse)

Litteraturkunnskap (under generell bibliotekskompetanse)

Låg kompetanse - ønskje om kompetanseheving:

Døme:

Synleggjering av biblioteket i samfunnet/samfunnsdebatten (under leiing/leiingsutvikling)

Formidlingsmetodar og metodikk (under formidling)